



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING 2016

Årsmøte i lagshytta på Kleppa
torsdag 23.februar 2017 Kl.19:00



«Frimoro» på leirduebana

foto: Svein Inge Lundheim

Jakt-, fiske- og friluftsliv-glede til alle – for alltid!

ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

torsdag 23.februar 2017 kl.19:00

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Revisjon av vedtekter.
7. Val.
8. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.
Forslag frå styret: Odd Rune Våge, Kim Vidar Bakken og Svein Inge Lundheim
9. Medlemskontigenten 2018.
Forslag frå styret: Ingen auke i 2018
10. Info. om aktivitetar i 2017.
 - Aktivitetskalendar for 2017.
 - Dugnad: Ferdigstilling av sportinganlegg og beising av jakt- og fiskehytta
 - Info. om hjortejakten i Huksdalen og Skjolden.
11. Innkomne saker.
Ingen innkomne saker.

**Etter årsmøtet vert det enkel servering,
og sosialt samver!**

Nye og gamle medlemar er velkomne!

Leikanger Jakt- og Fiskelag

ÅRSMELDING 2016

Styret har i 2016 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim
Nestleiar: Ole Simen Nesdal
Kasserar: Håkon Nesse
Sekretær: Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt: Ingeborg Sivertstøl
Varamedlem: Odd Rune Våge

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 5).

Ved årsskiftet hadde laget 295 medlemmer, som utgjer ca.12,8 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein nedgang på 4 medlemmar i 2016.

Møte og samlingar:

Det er halde 2 styremøte der det vart handsama til saman 36 saker.

På årsmøte til Leikanger jfl i lagshytta på Kleppa den 26.februar, var det med 14 medlemmar.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Odd Rune Våge er medlem i jakthundutvalet og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for jaktskyting.

På «Foreningsløfte-møte» på Skei 11.januar var Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Bjarne Sjøthun, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim deltakarar.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 11.-12.mars på Blix Hotel i Vik var Kim Vidar Bakken, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl.

Kjell Erik Strand, Sverre Fjøsne, Inger Ness og Svein Inge Lundheim var deltakarar på eit portalkurs i Sogndal.

Generelt:

I 2016 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå «Saften» og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakarar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og ulike aktivitetar. Økonomisk har 2016 også vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

- | | |
|--------------------------------------|------------|
| • Norsk Tipping - Grasrotandelen | 15 483,-kr |
| • Link Bingo | 88 962,-kr |
| • Mva-kompensasjon | 17 852,-kr |
| • Leikanger Kommune – kulturmidlane | 5 000,-kr |
| • NJFF- Sogn og Fj. – friluftsmidlar | 4 000,-kr |
| • NJFF- «Fiskesommer» | 10 000,-kr |

- NJFF- Frifond/LNU- midlar til barn- og ungdomsaktivitetar i 2016/17: 33 634,-kr
- NJFF- «Jaktskyttarskule» 5 000,-kr
- Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.) 20.000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, Sogn Tavle og Datamontering, Kiwi, Prix, Coop-Byggmix, Sogn Røyr og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

Kurs, trening og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 12 deltakarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Jaktskyttarskule – gratis hagle- og rifleskyting.
- Skytetrening på jaktfelt.(avtale om bruk av skytebana i Eivaldgjerde)
- Skytetrening med kal.22 innendørs med instruksjon frå skyttarlaget.
- Kurs i aversjondressur (el.halsband).
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- Flugekastingkurs ved Gunnar Olsmo.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurransen.
- Fiskekonkurransen på Fjærlandset.
- Blodsporprøve.
- Pateringskurs ved Torodd Kvam.
- Røykelakskurs.

Som det går fram av oppstillinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal, Are Sangvik Grandal, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

På fiskekonkurransen på Fjærlandste fekk Inger Ness den største auren på 386gr og flest med 23 aurar. Ingen fekk aure på flugestang. Best i fiskeklubben vart Torbjørn Opthun og Aleksander Slinde med 7 aurar kvar. Der var med 36 deltakarar på konkurransen.

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Bjørn Ove Steig som fekk ein torsk på 1010gr. frå båt. I fiskeklubben vart Fredrik Talle best frå land med ein fisk på 415 gr. og Emilie Havnen Borlaug vart best frå båt med ein fisk på 965gr.

Kjell Næss vart lagsmeister og vinnar av jegerklassen i jegertrap med 21 tr. Frode Husum vart lagsmeister med 20 tr. og Frode Ølmheim beste jeger med 16 tr. i leirduesti. Stian Lunde Nesdal vart beste junior både i jegertrap og leirduesti med 8 tr. i begge. Silje Lunde Nesdal vart beste dame i leirduesti med 9 tr.

Frode Husum fekk sølv i FM-løpande elg med 137p og sølv i FM-nordisk jaktskyting med 331p.

Kjell Næss vart «Systronds beste skyttar» med 46 treff samanlagt og best på leirduebana med 21tr. Arvid Brennset vann på 100M med 249 poeng.

I Duellen vann skyttarlaget lagkonkurransen med 322 p. mot jakt- og fiskelaget`s 283 p. Duellen vart avslutta med grilling i grillhytta ved Hans Christian Amundsen.

I pridatorkonkurransen vart Per Røysum nr.1 med 650p. (1 rev, 10 mårar og 4 røysekattar), Frode Ølmheim vart nr.2 med 400p. (8 mårar) og Bjarne Sjøthun nr.3 med 170p.(2 revar, 1 mår og 1 kråke). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum på 1000,-kr, 700,-kr og 400,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum, Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar. I tillegg vart det trekt slakteknivsett til Jon Erling Oppedal og lårings til Sverre Fossen.

20.august arrangerte Leikanger jfl ordinær blodsporprøve, der 10 ekvipasjar deltok. 4 fekk 1.premie og *Vossasvarten's B-Anja* med eigar Roald Lunde vart prøvens 2.beste hund. Dommarar var Jarle Rogne og Elin Anita Gjerde.

Jaktprøvar og utstillingar for hundar:

Kvalhornets Aura (rase:Alpinsk Dachsbracke) Eigarar Odd Rune Våge og Ingeborg Sivertstøl.
Utstilling: 9/7 Tresfjorden Exc.BK 1. BKK CK C 10/7 Tresfjord VG.BK 1.BKK

13/8 Lillehammer VG BK 1.BKK

Drevprøve: 14/2 (rådyr) 1.pr. 25/9 (rådyr) 3.pr. Aura er godkjent som avlshund

Nvch Svch Fjorglotts BONNIE Eigar Elin Anita Gjerde

Blodspor: 3x1.pr. Vart Svensk viltspor champion.

Utstilling: 2x1.pr.

NVCH Vossasvarten's B-Anja Eigar Roald Lunde

Blodspor ordinær prøve 20/8 Leikanger 1.pr (2.beste hund)

NJCCH N UCK Epleskogen's Adam Eigar Bjørn Monsen.

Jaktprøve: 2.VK M/CK finale.

Utstilling: EXC.BKK CK R.CERT 4. BHK. EXC.

BKK CK CERT 1.BHK BIM.

Etter cert på utstilling kan han tittelera seg som N JCCH N UCK Eplehagen's Adam.

NV-16 Irtas Zero Eigar Anne Katrin Bøyum

Utstilling: 19/11 Lillestrøm «Norsk Vinner» Exc, AK, 1. AKK CK CERT 1. BHK CACIB og BIM

NSVCH NUCH Kjærskov Black Askær Eigar Anne Katrin Bøyum

Viltsporprøve bevegeleg: 9/7 Dalsland 1.pr. 10/7 Inom Avd SSRK 1.pr.

Utstilling national Sverige Tvååker Excellent, CK i bruksklasse.

NSVCH Smart Fellow's Spreads The News Eigar Anne Katrin Bøyum

Viltsporprøve bevegeleg: 9/7 Dalsland 1.pr. 10/7 Inom Avd SSRK 1.pr.

Blodspor ordinær prøve: 20/8 Leikanger 2.pr.

Irtas Juba Baluba Eigar Anne Katrin Bøyum

Blodspor ordinær prøve: 20/8 Leikanger 2.pr.

Lyonettes An Evening In Paris Eigar Anne Katrin Bøyum

Utstilling: 19/11 Lillestrøm «Norsk Vinner» Exc. JK. 2JKK CK R.CERT 2BTK

Ettersøksekvipasjar som er med i *Sogndal ettersøkslag* er Odd Rune Våge med Aura, Elin Anita Gjerde med Desparados Tingeling og Roald Lunde med Vossasvarten's B Anja.

Instruktørar, dommarar og taksørar:

Jegerprøveinstruktør: Inge Yttri , Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Sverre Fossen, Kim Vidar bakken og Odd Rune Våge.

Småvilttaksør: Kim Vidar Bakken.

Hagleinstuktør: Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Are Sangvik Grandal, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Instruktørar aversjondressur: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Jon Husabø og Robert Brenden.

Rifleinstruktør: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Terje Verlo, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum og Nils Olav Langeteig.

Hagledommar: Nils Olav Langeteig, Frode Husum, Emil Røysum Skartun, Tom Debu Nesvåg og Svein Inge Lundheim.

Ettersøksdommar: Elin Anita Gjerde.

Fuglehunddommar jaktprøver: Bjørn Monsen

Andre aktivitetar:

Også i 2016 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnarskapsavtalen*» med barnehagane i Leikanger Kommune.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden og fiskedag i Pilavika.

I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekkene som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Inge Yttri, Sverre Fossen, Ivar Ness, Steinar Næss, Åsmund Espe, Arne Rosenlund, Knut Egil Sundet, Ronny Ertsland, Per Sivert Nesdal, Terje Verlo, Kjetil Berg, Eivind Røysum, Kim Vidar Bakken, Bjarne Sjøthun og Svein Inge Lundheim.

- Isfisketur på Dalevatnet.
- Fisketur med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapsavtale)
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapsavtale).
- Garnfiske med ungdomsskulen, «Erasmus».
- Fiskedag med 7.klassen i småbåthamna.
- «Jakttskytingens dag» gratis skyting.
- Friluftsdag «Fri Moro» på Kleppa i lag med kommunen og speidaren.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- På stenden vår på "Fruktbare dagar" vart det utdelt gratis smaksprøver med ca.175 stk «kuver» tilbreda vilt og ca.175 stk «kuver» med tilbreda fisk.
- Div. dugnad er gjennomført i året som er gått, om lag 10-15 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

Andre tilbod til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar fortsatt «*Sportsman`s pride*» hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt bra og i 2016 er det seldt 2424kg hundefør, 270kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtale for medlemane hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF i 2015, har no fått påmontert ein 4HK yamaha påhengsmotor. Båten ligg på plass nr.83 i vestre hamn til Leikanger Båtlag. Båtplassen er sponsa av Leikanger Båtlag og Marine Harvest. Båtansvarleg er Bjarne Sjøthun. Medlemar som ynskjer å bruke båten, må kjøpe ein nøkkel og booke seg inn på nettportalen til NJFF. Barnehagane får tilgang til båten når den er ledig. Båten vart brukt ein del i 2016.

I desember gjennomførte me eit vellykka kurs i røyking av laks, med Kjetil Berg som røykesjef. Ca. 20 deltakarar var med på prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking. Marine Harvest sponsa deler av 38 laks på 4-5kg til prosjektet.

Det vart delt ut vakumpakka laksestykker til medlemar og andre som har bidrege i 2016.

Leikanger jfl har fått status som «rovviltbane». Det skal leggst til rette for treningsskyting på store rovdyr som ulv, jerv og gaupe. I tillegg skal me arrangera «bjørneprøven». Det er laga 9stk stativ til dyreskivene som skal settast opp på høgre sida 100M skivene i Eivaldgjerde. Det er gjennomført prøveskyting men pga. av att me kom seint i gong fekk me problem med å finna ledig skytetid.

Leikanger jfl inngjekk ein ny avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 5 stk hjorteløyver i Teigen i Luster Kommune. Det vart jakta i to dagar utan att det vart felt dyr. Jaktbua er kommen på plass i jaktterrenget på ca.800moh. Det vart leigd inn helikoper til å flyge opp utstyr til jaktbua. Leikanger jfl fekk også tilbod på 7 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Det vart jakta kvar helg frå 2.oktober til 18.desember av ca.15-20 jegrar og det vart felt 5 dyr. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring.

Sjølv om det var freding i småviltjakten var det 28 overnattingar i Trastadalshytta, inkl.5 med dugnad. Det vart utført montering av solcellepanel og div. lamper m.m. Det er laga til opplegg for lading av mobiltelefon. Det vart kjøpt inn nytt gasskokeapparat med 2 bluss.

Lagshytta, grillhytta, badestampen og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfinnk, storskarv, smålom, fossekall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland og hjortekalv.

Utvala i 2016

FISKEUTVALET

Leiar: Jan Magne Vigdal
Medlem: Lounes Riise
Medlem: Kjetil Berg
Medlem: Eivind Røysum

JAKTUTVALET

Leiar: Bjarne Sjøthun
Medlem: Per Olav Henjum
Medlem: Per Norstein
Medlem: Terje Verlo

LEIRDUEBANEUTVAL

Leiar: Svein Inge Lundheim
Medlem: Tom Debu Nesvåg
Medlem: Emil Røysum Skartun
Medlem: Are Sangvik Grandal

UNGDOMSUTVALET


Leiar: Kim Vidar Bakken
Medlem: Bjørn Ove Steig
Medlem: Inger Ness
Medlem: Camilla Njøs

HUNDEUTVALET

Leiar: Jon Husabø
Medlem: Bjørn Monsen
Medlem: Oliver Prøven
Medlem: Odd Rune Våge

LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

REKNESKAPEN 2016

	2016	2015	2014
UTGIFTER			
Medl.kontingentar	8 200,00	1 050,00	1 200,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	29 238,16	29 547,00	39 699,10
Trastadalshytta	4 801,50	12 363,30	
Drift leirduebane	54 632,17	59 402,00	61 351,00
Drift lagshytte	22 783,03	35 976,19	44 724,60
Nybygg/dugnadsarbeid	84 656,06	37 698,68	83 014,25
Jakt og fangst	45 992,00	57 145,97	38 572,75
Barn/ungdomsaktivitet	17 750,96	19 009,21	25 191,30
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	2 218,00	1 482,00	5 355,45
Dyrefør	54 717,00	76 718,00	69 972,00
Diverse utgifter	101 595,00	34 687,17	85 259,05
Sum utgifter	426 583,88	365 079,52	454 399,50
INNTEKTER			
Medl.kontingentar	17 830,00	13 315,00	14 320,00
Kurs/møter/seminar/samlingar	26 240,00	34 022,00	20 288,00
Trastadalshytta	3 450,00	530,00	3 375,00
Drift Leirduebane	49 837,00	104 870,00	56 593,00
Drift lagshytte	11 260,00	26 486,00	30 075,00
Nybygg/dugnadsarbeid	1 987,50		
Jakt og fangst	16 070,00	45 464,00	35 155,00
Barn/ungdomsaktivitetar	52 633,95	80 077,71	43 498,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	6 750,00	14 180,00	6 925,00
Dyrefør	71 285,00	71 850,00	78 526,00
Diverse inntekter	27 183,00	29 053,00	43 388,00
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	110 281,17	162 761,75	163 343,88
Sum inntekter	394 807,62	582 609,46	495 486,88
Overskot	-31 776,26	217 529,94	41 147,38
AKTIVA PR 31.12.2016			
Sparebanken Sogn og Fjordane	476 340,60	508 116,86	290 588,92
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	28 536,00	31 707,00	35 230,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	62 227,75	60 898,50	61 040,00
4 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	20 897,00	23 219,00	25 799,00
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	56 738,00	63 042,00	70 047,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	6 612,00	7 347,00	8 163,00
DVD, 2 stk projektorar, høgtalaranlegg, skivar/kopi, 2 stk bærbar PC	19 963,00	13 292,00	14 769,00
5 stk hagler, luftgevær, salong, 4 hk motor	26 963,00	22 181,00	24 645,00
Utstoppa dyr og fuglar + boggihengar	90 361,00	51 512,00	57 235,00
Quick-telt, gummibåt, 2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	16 788,00	18 653,00	20 725,00
Kasse med kontantar	1 480,00	1 680,00	1 350,00
Dyrefør	30 160,00	34 580,00	15 000,00
Sum aktiva	2 767 066,35	2 766 228,36	2 554 591,92
PASSIVA PR 31.12.2016			
Lån pr 01.01.2016	0,00	0,00	5 272,00
Avdrag			-5 272,00
Lån pr 31.12.2016	0,00	0,00	0,00
Årsrekneskap pr 31.12.2016			
	02.02.2017		
Håkon Nesse			

Rekneskapen er revidert, inntekter og utgifter samsvarar med bilaga.

1

09.02.2017

Inge Gabri Sveire Fossum

Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2016

Forklaring: B = på val 2017 A = ikkje på val 2017

Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal		99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse		99205044
B	Sekretær	Kjell Erik Strand	<i>attval</i>	95191905
B	Varamedlem	Odd Rune Våge	<i>Sverre Fjøsne</i>	41295025
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl		97106904

Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun		90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum		91333305
B	Medlem	Per Norstein	<i>attval</i>	48182680
B	Medlem	Terje Verlo	<i>attval</i>	41525303

Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal	<i>attval</i>	95259791
B 1år	Medlem	Lounes Riise	<i>Sverre Fjøsne</i>	92297925
B	Medlem	Kjetil Berg	<i>attval</i>	90277167
A	Medlem	Eivind Røysum		95927891

Skyteutval:

B	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>Per Norstein</i>	90605267
A	Medlem	Tom Debu Nesvåg		99559925
B 1år	Medlem	Are Sangvik Grandal	<i>Svein Inge Lundheim</i>	47235666
B	Medlem	Emil Røysum Skartun	<i>Erlend L. Røysum</i>	47641028

Barn- og ungdomsutval:

A	Leiar	Kim Vidar Bakken		45255241
B	Medlem	Bjørn Ove Steig	<i>attval</i>	90740719
A	Medlem	Inger Ness		92870410
B	Medlem	Camilla Njøs	<i>attval</i>	97092790

Hundeutval:

B	Leiar	Jon Husabø	<i>Odd Rune Våge</i>	91308911
B	Medlem	Bjørn Monsen	<i>attval</i>	90590848
A	Medlem	Oliver Prøven		41425383
B 1år	Medlem	Odd Rune Våge	<i>Jon Husabø</i>	41295025

Revisor:

A		Sverre Fossen		95841004
B		Inge Yttri	<i>attval</i>	90593596

Valkomite:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>Inger Ness</i>	92870410
B	Medlem	Inger Ness		



Aktivitetar i 2017

- 25.februar: Revejakt med hund (i lag med NJFF Sogn og Fj.)
- 28.februar: Fuglekassebygging.
- 5.mars: Isfisketur il Dalavatnet.
- 16.mars: Jaktfilmshow med Kristoffer Clausen i Sogndal Kulturhus (i lag Luster jfl og Sogndal jspl)
- 31.mars-2.april og 28.-30.april: Jegerprøven
- 1.april: Oppstart ny predator konkurranse.
- Laur/tors i mars: Oppstart jaktfelttrening.
- Jaktskyttarskule: gratis hagle- rifleskyting
- Rovviltbane-bjørneprøven: lage terminliste (laurdagar)
- Leirdueskyting mandagar og onsdagar etter påske.
- 14.mai: Livet i Pilavika.
- 21.mai: Vårsprellen.
- 27.mai: Blodsporkonkurranse.
- 28.mai: «Indre Sogn Cup» 50skot.
- 20.juni: «Fri moro».
- 25.juni: Fiskesommer.
- 5.august: Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- 19.august: Duellen med grilling.

Årsmøtoreferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa 23.februar 2017 kl.19:00

Desse møtte: Svein Inge Lundheim, Sverre Fjøsne, Tom Debu Nesvåg, Camilla Njøs, Leif Bjarne Sæle, Kim Vidar Bakken, Bjarne Sjøthun, Ole Simen Nesdal, Kjell Erik Strand

SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinnkalling.

Ingen merknad

2. Val av møteleiar og skrivar.

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.

Val: 1. Tom Debu Nesvåg
2. Camilla Njøs

4. Årsmelding 2016

Merknad: Ingeborg Sivertstøl er leiar i valnemnda i NJFF Sogn og Fjordane.

5. Rekneskap 2016

Merknad: Vi har mange utgifter som er linka opp mot barn og ungdom utan at dei er spesifiserte. Rekneskapen bør synleggjere meir av dette.

Rekneskapen vart godkjend

6. Revisjon av vedtekter.

Endring av vedtekter vart godkjent.

7. Val.

Innstilling frå valnemnda:

Styret:

Leiar: Svein Inge Lundheim

Sekretær: Kjell Erik Strand

Varamedlem: Sverre Fjøsne

attval

attval

ny

Jaktutval:

Medlem: Per Norstein

Medlem: Terje Verlo

attval

attval

Fiskeutval:

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Sverre Fjøsne

Medlem: Kjetil Berg

attval

ny for 1 år

attval

Skyteutval:

Leiar: Per Norstein

Medlem: Svein Inge Lundheim

Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

ny

ny for 1 år

ny

Barne- og ungdomsutval:

Medlem: Bjørn Ove Steig

Medlem: Camilla Njøs

attval

attval

Hundeutval:

Leiar: Odd Rune Våge

Medlem: Bjørn Monsen

Medlem: Jon Husabø

ny

attval

ny for 1 år

Revisor:

Inge Yttri

attval

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

Innstilling frå styret på valnemnd:

Leiar : Inger Ness

Medlem: Tom Debu Nesvåg

Leiar og medlem vart valt samrøystes.

8. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**Førde 18. mars**

Forslag frå styret:

Odd Rune Våge, Kim Vidar Bakken og Svein Inge Lundheim

Alle vart valt samrøystes.

9. Medlemskontigent 2018

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontingenten for 2018

Samrøystes.

10. Info. om aktivitetar i 2017.

- Gjennomgang av aktivitetar i 2017

- Dugnad: ferdigstilling av sportinganlegg og beising av Kleppabu.

- Info. om hjortejakten i Huksdalen og Skjolden. Det vart felt 5 av 7 dyr i Huksdalen og 0 av 5 i Skjolden. Samarbeid med Luster JFL om jakt i Skjolden kan bli aktuelt.

11. Innkømne saker.

Ingen saker.


Årsmøtet slutt kl. 20.15

Servering av hjortekarbonader laga av Kjetil Berg

Underskrift:



Tom Debu Nesvåg



Camilla Njøs